



Ute av syne, ute av sinn

Statkraft i Brasil



Latin-Amerikagruppene
i Norge (LAG)

RAPPORTEN ER UTGITT AV LATIN-AMERIKAGRUPPENE I NOREG (LAG)
2022

Støtta av Norad og Norec

Rapporten er tilgjengeleg for nedlasting på lagnorge.no

Forfattar: Vilde Gjerde Lied

Foto: Vilde Gjerde Lied

Illustrasjonar: Clara Doupovec

Design: Camilla Rognstad

Denne rapporten er delt under lisensen Copyleft. Det betyr at den som vil kan kopiere og dele innhaldet i rapporten, så lenge ein oppgir kjelde og at bruken er ikkje-kommersiell.



**Latin-Amerikagruppene
i Norge (LAG)**



Norad

NOR⇌C

Innhold

Fornybart, ikkje berekraftig	3
Statkraft	5
Energisektoren i Brasil – Energi til kva og til kven?	9
Vasskraft i Brasil	11
Statkraft sine vasskraftverk i Brasil	13
Miljøpåverknader og den atlantiske regnskogen	15
Sosial utvikling	19
Mangel på informasjon i etableringsprosessen	21
Det sosiale livet rundt elva	23
Flaumen i Rio Doce	25
Vindkraft i Brasil	27
Statkraft i vindkraft i Brasil	29
Ventos de Santa Eugenia – Den største vindparken i Latin-Amerika	30
Brotas de Macauba	30
Regionen	32
Tradisjonelt Samfunn	32
Statkraft tar plass	33
Tap av kultur og beitedyr	35
Bidrag til samfunnet	36
Vegstøy	37
Ute av syne	37
Vi veit for lite	40

Fornybart, ikkje berekraftig

Store delar av energiproduksjonen i Brasil kjem frå fornybare energikjelder. Den største energikjelda er vasskraft, som står for over 60 prosent av den totale straumproduksjonen i landet.¹ Til samanlikning står vasskraft for rundt 17 prosent av energiproduksjon globalt.²

Brasil har den største ferskvassreserven i verda. Ifølgje Rørsla for dei som er ramma av dammar (MAB) er 90 prosent av hushaldningane som er knytta til vassforsyningsnettet under statleg ansvar, og berre 10 prosent i den private sektoren. I dag har Brasil den største installerte kapasiteten for å produsere vasskraft i Latin-Amerika, og nest størst i verda.³

For å bli mindre avhengige av vasskrafta har Brasil eit uttalt mål om å få fleire fornybare bein å stå på. Dei siste åra har dei gjort mange grep for å tiltrekke seg investeringar i spesielt vindkraft, og utbygging av både vind- og solenergi har vakse stort dei siste åra. Sjølv om dei fornybare energikjeldene ikkje slepp ut klimagassar, har dei store konsekvensar for livet til folk, miljøet og naturen. Fornybart er ikkje det same som berekraftig.

Stadig meir av energisektoren i Brasil er eigd og styrt av internasjonale og transnasjonale selskap. Det statlege norske selskapet Statkraft er eit av desse. I denne rapporten skal vi undersøke Statkraft sine kraftverk i Brasil, som skaper energi frå fornybare ressursar som vatn, vind og sol, og sjå på korleis desse kraftverka påverkar miljø, natur, urfolk og bønder, som lever og har levd med kraftverka.


Rapporten er delt inn i tre delar. Første del tar for seg Statkraft sitt inntog i Brasil og den brasilianske energisektoren. Den andre delen handlar om vasskraft i Brasil og Statkraft sine vasskraftanlegg i landet. Den siste delen handlar om vindkraft, og Statkraft sine etablerte og planlagte vindkraftanlegg i Brasil. Storparten av informasjonen i denne rapporten er henta frå intervju med folk som er ramma av Statkraft sine anlegg, i tillegg til ekspertar på temaet. Ein spesiell takk vil vi rette til MAB, for kunnskap og hjelp til å få kontakt med menneska vi møtte.

¹ <https://www.hydroreview.com/business-finance/hydropower-dominates-in-brazil-at-62-17-of-total-installed-capacity-at-end-of-2020/#gref>

² <https://www.statkraft.com/what-we-do/hydropower/>

³ <https://www.hydropower.org/country-profiles/brazil>

TERRITORIO DE
STATKRAFT



Statkraft

Statkraft er det største energiselskapet i Europa. Det er heileigd av den norske stat. Selskapet eig, produserer og utviklar vasskraft, vindkraft, gasskraft og fjernvarme i meir enn 20 land, og har meir enn 4800 tilsette.⁴

Statkraft har vore i Brasil sidan 2008. I 2011 starta dei verksemda si gjennom elektrisitetshandel, og i 2012 byrja dei med fornybar energiproduksjon. To store kampar i norsk historie har påverka korleis det er å investere i kraftprosjekt i Noreg, og spesielt i område med sårbar natur eller urfolk: Kampen om Altavassdraget, og reindriftssamane på Fosen sin kamp mot vindparkane på Storheia og Roan. Desse, i tillegg til den generelle kampen mot utbygging av vasskraft og vindkraft i Noreg, har gjort at Statkraft først og fremst satsar i lågkonfliktområde i utlandet.

Første gong Statkraft etablerte seg i Brasil var gjennom selskapet SN Power. SN Power vart etablert av Norfund og Statkraft i 2002, med formål om å investere i vasskraft i marknader i vekst, for å bidra til økonomisk vekst og berekraftig utvikling. Samarbeidet gjorde det mogleg for Statkraft å investere i utanlandske marknader med offentlege bistandspengar, i land det var sett på som risikofylt å investere i. Dette trass i at Brasil ikkje er eit utviklingsland. Prosjektet har fått kritikk frå fleire hald for å heller investere i mellominntektsland enn i dei fattigaste landa, og at formålet har vore at Statkraft kunne investere i kraftprosjekt i utlandet med norske bistandsmidlar.⁵ Som eit resultat av ei restrukturering av partnerskapet mellom Norfund og Statkraft, tok Statkraft full kontroll over SN Power i Brasil i 2014.

I 2011 kjøpte Statkraft gjennom SN Power opp det brasilianske selskapet Desenvix, som fekk namnet Statkraft Energias Renováveis. Med på kjøpet var åtte vasskraftverk og to vindkraftkompleks. Kjøpet av Desenvix blei sett på som kontroversielt, og blei kritisert av fleire både i Noreg og Brasil. I samband med ei reise til Noreg i 2014 kritiserte MAB Desenvix for dette. Moisés Borges fortalte korleis dei opplevde at selskapet forfølgde leiarar i rørsla deira, hindra folk i å organisere motstand, og forfalska informasjon om kor mange menneske som blei påverka av damutbyggingane.⁶ Statkraft forsvarte seg den gongen med at dei ikkje har starta eigne utbyggingar sidan dei kjøpte selskapet.



Plakat utanfor vasskraftverket Santa Laura, som seier at det er ulovleg å fiske, skade, avskoge og kaste søppel.

Kjell Roland i Norfund uttalte til Dag og Tid i 2013 (i Fatland, s. 23)⁷ at han ikkje trudde det var eit problem med regnskog eller urfolk knytt til nokon av vasskraftanlegga til Desenvix: «Så vidt eg veit er det ikkje nokon slike vanskelege dilemma her. Desenvix er ikkje inne i nokon av gigantanlegga i Amazonas, det er snakk om mindre elveutbyggingar». Det stemmer at Desenvix ikkje har anlegg som rammar regnskog og urfolk i Amazonas, men regnskog og urfolk finst i heile Brasil.

Statkraft har tidlegare uttalt at dei vil halde seg unna Amazonas når dei bygger ut energi-anlegg i Brasil. Dei vil først og fremst bygge ut i område med lågt konfliktnivå. Men som vi får sjå seinare i rapporten er ikkje det å halde seg utanfor Amazonas ein garanti for å unngå konflikt. Desenvix har mellom anna bygd demningar som har demt ned urfolks-område og store delar atlantisk regnskog i Rio Grande do Sul. Det at regnskogen og andre sårbare naturtypar blei fjerna før Statkraft tok over drifta, betyr ikkje at selskapet ikkje er ansvarleg for den valden naturødelegginga forårsakar i dag.

⁴ <https://www.statkraft.com/about-statkraft/>

⁵ <https://www.bistandsaktuelt.no/amerika-brasil-miljo/norfund-partnere-i-brasil-korrupsjonstiltalt/132399>

⁶ <https://www.latin-amerikagruppene.no/artikkell/2014/10/03/advarer-statkraft-mot-rasering-av-regnskogen>

⁷ <https://www.duo.uio.no/bitstream/handle/10852/40004/Fatland-Master.pdf?sequence=7&isAllowed=y>

Desenvix var også eit kontroversielt kjøp på grunn av avsløringane om korrupsjon etter Lava Jato. Ein av aksjonærane i selskapet, Engevix, var eit av selskapa som var del av avsløringa. Dei same tre personane som stifta Engevix, er også mennene bak Desenvix, og blei sikta for grov korrupsjon.⁸ På bakgrunn av dette starta Statkraft eigne undersøkingar av Desenvix, no Statkraft Energia Renovaveis. I 2021 meldte dei at selskapet foretok ulovlege utbetalingar for å framskande offentlege løyve i perioden 2011-2014, før Statkraft overtok kontrollen av selskapet i 2015.⁹ Statkraft vil foreløpig ikkje gå nærare inn på kva korrupsjonen gjekk ut på, men seier at dei er i ferd med å rydde opp.

I dag har Statkraft Brasil 18 generatoranlegg i drift i Sørøst-, Sør- og Nordøst-regionane, tilsvarende 450,7 MW installert effekt og ein portefølje av prosjekt under utvikling på 2216 MW. Statkraft har som mål å tredoble kapasiteten i kraft-produksjonen i Brasil innan 2025. Dette vil dei gjere både ved å kjøpe opp og slå seg saman med etablerte selskap, i tillegg til å bygge ut nye prosjekt. Selskapet satsar først og fremst på vind- og solkraft. I tillegg er Statkraft i ferd med å undersøke moglegheitene for å produsere hydrogen og amoniakk saman med selskapet Aker Horizons i Brasil og India.¹⁰

⁸ <https://www.bistandsaktuelt.no/amerika-brasil-miljo/norfund-partnere-i-brasil-korrupsjonstiltalt/132399>

⁹ <https://www.statkraft.no/globalassets/1-statkraft-public/05-investor-relations/4-reports-and-presentations/other-group-reports/statkraft-sf/2021-arsrapport--statkraft-sf.pdf>

¹⁰ <https://www.statkraft.no/nyheter/nyheter-og-pressemeldinger/arkiv/2022/Samarbeider-om-aa-utforske-gront-hydrogen-og-ammoniakk-i-India-og-Brasil/>

Statkrafts nye vindprosjekt i Brasil klart for bygging

Statkrafts bygging av vindprosjektet Ventos de Santa Eugenia i Brasil kan starte, etter at kontrakten om turbinleveranser nylig er inngått med tyske Nordex.

Nyhetsbyrået NTB

Statkraft kjøper åtte vannkraftverk i Brasil

Vurderer Brasil som nøkkemarked.



Skjermdumpar frå Nationen, Dagens Næringsliv, Teknisk Ukeblad og Europower

Statkraft satser stort i Brasil

Statkraft gjør rekordinvestering på vindkraft utenlands, og vil bygge ti vindparker i Brasil for over fire milliarder kroner. Og mer skal det bli.

PUBLISERT: 11.10.20 — 18.59 OPPDATERT: 2 ÅR SIDEN



Photo: Desenvix Energias Renováveis

SN Power-oppkjøp i Brasil

SN Power har inngått en avtale om å kjøpe en større aksjepost i det brasilianske kraftselskapet Desenvix.

Energisektoren i Brasil

-Energi til kva og til kven?

Skal vi produsere meir energi for å skape økonomisk vekst, eller er omsynet til økosystem og rettane til lokal- og urbefolkningar det viktigaste? Dette er eit viktig spørsmål å stille for å forstå korleis energisektoren i Brasil fungerer. Frå utsida kan det verke som ein sektor som fungerer godt for folket, med stor statleg eigarskap, og stor andel fornybar energi.

Utbygginga av energisektoren i Brasil sette for fullt i gang under militærdiktaturet på 60-talet, som var prega av store utbyggingar, før det gradvis har vore ei aukande privatisering av sektoren. Fram til 90-talet var den elektriske sektoren under statleg monopol. Eitt statleg selskap var ansvarleg for å produsere, transportere og distribuere energien. Frå 90-talet følgde fleire bølger der offentlege tenester blei privatiserte.¹¹ Privatiseringa på 90-talet førte til at prisen på energien blei sett på den frie marknaden. Før dette betalte ein for produksjonskostnaden.

Brasilianarar er blant dei som betalar mest for straumen i verda, trass i at den viktigaste energikjelda, vasskraft, er blant dei billigaste å produsere. Dette er ein av konsekvensane av privatiseringa på 90-talet, fordi sektoren blei delt opp. Ei gruppe selskap genererer energien, ei anna har ansvar for å overføre han, ei anna gruppe distribuerer han, før ei ny gruppe kommersialiserer energien. Det er heller ikkje noko tak for kor mykje ein kan selje energien for, noko som betyr at all energi, uansett kor billig han blir produsert, blir selt for same pris som den dyraste. Dette er stort sett termisk energi, som olje og gass. Det vil seie at vasskraft, vindkraft og solkraft, som krev lite å produsere, blir selt for like mykje som olje og gass, som er svært ressurskrevjande å produsere.

I 2003 lanserte Lula-regjeringa prosjektet «Luz para todos». Prosjektet skulle sikre straum til heile det brasilianske folket, uansett kor dei budde. Dette førte til ei massiv subsidiering av utbygging av fornybare energiprojekt, i tillegg til utbygging av det elektriske nettverket. Ifølgje Eletrobras har prosjektet gitt straum til 16 millionar brasilianarar.¹² Prosjektet har derimot blitt kritisert for å ikkje ha sett på problema i energimodellen i Brasil. Det hjelper ikkje å ha tilgang til lys, når du ikkje har råd til å betale straumrekninga.

I 2022 sette Bolsonaro-regjeringa i gang privatiseringa av det statlege energiselskapet Eletrobras, det største energiselskapet i Latin-Amerika. Argumentet for privatiseringa var at straumprisen ville bli redusert. Gruve- og energidepartementet har estimert at tariffane vil søkke med 7,36 prosent.¹³ Mange har derimot vore kritiske til privatiseringa fordi det ikkje er nokon definert aktør som har tatt over styringa (ifølgje Globo har kvar aukjonær maks 10 prosent eigarskap). Prisen på straum vil også truleg bli dyrare fordi produksjonen av energien er kommersialisert. Dei statleg eigde aktørane har til no selt energien dei produserer for mindre enn dei private aktørane. No er det derimot ingenting som hindrar dei i å ta makspris.¹⁴



Vasskraftverket Passos Maia i Santa Catarina.

¹¹ <https://mab.org.br/lutas/>

¹² <https://eletrobras.com/en/Paginas/Luz-para-Todos.aspx>

¹³ <https://g1.globo.com/economia/noticia/2022/06/14/privatizacao-da-eletobras-ve-ja-perguntas-e-respostas.ghtml>

¹⁴ <https://mab.org.br/2022/06/14/bolsonaro-privatiza-a-eletobras-povo-brasileiro-sera-atingido-por-tarifaco-na-conta-de-luz/>

Vasskraft i Brasil

I Brasil produserer ein vasskraft hovudsakleg ved å generere energi av vasstraumingar i elver. Dette gjer ein ved å demme opp elvene (Fatland, s. 8).¹⁵ Frå demninga blir vatnet ført i tunnellar til energihus, der det går gjennom turbinar. Konsekvensen er at vasstanden stig og oversvømmer store område, medan andre sida blir liggande tørr. Fordi store delar av Brasil er flatt, er det store område som blir demt ned, og det kan vere alt frå 200 til 2000 familiar som blir tvangsflytta i samband med demninga. Utbygging av vasskraftverk har vore den største årsaka til forflytting av menneske med utvikling som argument (Fatland, s. 8). Mange har blitt flytta frå heimane og jorda si, utan å få rettferdig betaling, samtidig som dei har mista tilgang til viktige område for fiske og sanking av mat.

Under militærdiktaturet på 60- og 70-talet var det ei stor utbygging av store dammar, og nasjonale kraftverk. På denne tida var der ingen lover som beskytta dei som vart påverka av damutbygginga (Fatland, s. 8). Store delar av vasskraftproduksjonen i Brasil kjem frå såkalla megadammar. Mange av desse blei planlagt og/eller bygt i denne perioden. Eksempel på dette er Tucuri og Itaipu, og Belo Monte i Amazonas. Mange av desse blei privatiserte på 90-talet.

På bakgrunn av planlegging og utbygging av store megadammar etablerte det seg større sosiale rørsler, av og for dei som vart ramma av utbyggingane. Dei største og mest etablerte av desse er MAB og Rørsla til dei jordlause (MST).

Vasskraftverk i Brasil er hovudsakleg delt opp i to kategoriar, som seier noko om storleiken på kraftverket: Pequenas Centrais Hidrelétricas (PCH) og Usina Hidrelétrica (UHE). PCH er omgrepet for vasskraftverk med ein installert kapasitet på under 50 mW, medan UHE er dei store megadammane, over 50 mW. I 2018 auka Brasil grensa for kva som kan definerest som eit PCH frå 30 mW til 50 mW. Dette gjer det lettare for utbyggjarar å få miljølisens til større demningar enn før, som ein treng for å gjere endringar i naturen. Ifølgje MAB var det fleire UHE enn PCH i Brasil før denne endringa, no har dette derimot snudd.

PCH er populære fordi kravet om undersøkingar av konsekvensar for miljø og sosiale konsekvensar er mindre enn ved UHE. I tillegg er det sjeldnare sosial motstand mot dei mindre vasskraftverka, fordi det er færre som blir påverka av det spesifikke prosjektet. Dette er derimot ikkje fordi folk er fornøgde med vasskraftprosjektet, men fordi det er vanskelegare å organisere seg når ein er færre. Undersøkingane har hovudsakleg blitt utført av det brasilianske selskapet Engevix. Selskapet var eit av hovudselskapa som blei sett på under Lava Jato, der det mellom anna blei avslørt at dei hadde selt feilaktige miljøundersøkingar. Ifølgje MAB er det ingen oversikt om denne korrupsjonen har haldt fram.

I 2012 innførte Dilma-regjeringa heimfallsretten for vasskraftverka. Desse gjeld berre UHE, og er på 30 år. Ved PCH er du eigar for alltid. I 2013 kom Medida Provisória 579 (Lei Federal nº 12.783/2013), som ifølgje Cervinski forlenga konsesjonane med 30 år, med mål om å redusere prisen på straum og å gjere sektoren meir konkurransedyktig.¹⁶ Dette førte derimot til det motsette, og prisane auka i åra etter forlenginga blei vedtatt.

Staten er med på å finansiere vasskraftverka gjennom den brasilianske utviklingsbanken (BNDES). Mange store bankar er også medeigarar i vasskrafta. Statkraft eig mellom anna storparten av sine kraftverk saman med FUNCEF, som er det tredje største pensjonsfondet i Brasil.

¹⁵ <https://www.duo.uio.no/bitstream/handle/10852/40004/Fatland-Master.pdf?sequence=7&isAllowed=y>

¹⁶ https://mab.org.br/wp-content/uploads/2020/06/UFABC_CERVINSKI_Gilberto_Dissertac%CC%A7a%CC%83oMestrado_FINAL_22_04_2019_FINALIZADO.pdf

Statkraft sine vasskraftverk i Brasil

*«Rikdommane våre forsvinn frå regionen,
medan skadane blir att med oss.»*

- Sitat frå ramma av Monjomolinho-prosjektet

Statkraft har 16 fungerande vasskraftverk i Brasil, i tillegg til eit planlagt kraftverk. Alle vasskraftverka som Statkraft eig i dag, blei kjøpt opp etter at drifta var i gang. Åtte av vasskraftverka ligg i Espirito Santo, eit i Rio de Janeiro, to i Santa Catarina og fem i Rio Grande de Sul. I tillegg pågår det ein prosess for å bygge enda eit vasskraftverk i Curitiba nos i Santa Catarina.

I arbeidet med denne rapporten har Latin-Amerikagruppene besøkt vasskraftverk i Santa Catarina og Rio Grande do Sul, i tillegg til at vi har snakka med folk som er ramma av Statkraft sine demningar i Espirito Santo.

På ein plakate ved sidan av eit av krafthusa står det at Statkraft er eit selskap som skaper utvikling og tar vare på naturen. Selskapet er med på å skape energi og lys, på ein billig måte, av ein fornybar ressurs. Andre vil seie at selskapet produserer billig straum, som dei sel så dyrt at folket som bur i området ikkje har råda til å kjøpe han. Ingen vi snakkar med er i mot demningane i seg sjølv. Verken dei som er ramma eller MAB. Spørsmålet er korleis vasskrafta blir produsert og for kven.



Den 75 meter høge megademninga Monjolinho.

Eigarskapsoversikt i selskapa.

Espirito Santo

- Fruteiras
- Rio Bonito
- Suíça
- Jucu
- Viçosa
- São João
- Alegre
- Francisco Gross



Rio de Janeiro

- Santa Rosa



Santa Catarina

- Santa Laura



- Passos Maia




Rio Grande do Sul

- Monjolinho
- Esmeralda
- Moinho



- CERAN

Companhia Energética Rio das Antas (130 MW), Castro Alves (130 MW) e 14 de Julho (100 MW)



- Dona Francisca



Miljøpåverknader og den atlantiske regnskogen

Vasskraft har ein stor påverknad på miljøet rundt seg, både fordi ein endrar landskapet og vegetasjonen, men også på grunn av klimaet. Det er sjeldan berre éi demning i eit samfunn, og ei elv kan ha meir enn 50 vasskraftverk og demningar i vassdraget. Dette blir ofte kalla trappetrinnsdemningar. Når ein ser på miljøkonsekvensane av demningane kan ein derfor ikkje berre sjå på kvar enkel demning isolert, men på summen av miljøkonsekvensane frå naturinngrepa.

Demninga gjer ei elv om til ein innsjø, noko som legg store delar av vegetasjonen under vatn. I samband med dette må ein fjerne skogen i område langs elva. I Brasil har dette gjerne vore regnskog og anna form for urskog. Medan elva veks seg om til ein innsjø på eine sida av demninga, blir ho liggande tørr på andre, fordi demninga stoppar opp den naturlege vasstraumen i elva. Vatnet blir ført i tunnellar til eit energihus, der straumen blir produsert, før det blir ført tilbake i elva lenger nede i vassdraget. Dette gjer at store delar av fisken som lever i elva døyr, i tillegg til at enkelte område nesten ligg tørrlagt.

Fleire vi snakkar med, med erfaringar frå ulike demningar eigd av Statkraft, seier at klimaet i området har endra seg i ettertid av at elva blei demt opp. Spesielt luftkvaliteten har endra seg, ved at lufta har blitt tørrare om vinteren og fuktigare om sommaren. Fleire seier også at dei slit mykje med tåke om kveldane og morgonane. Frå å nesten aldri ha tåke har dei no tjukk tåke nesten kvar dag. Kaingang-folket, som er ramma av Monjolinho-demninga, kallar tåka for «cerração». Tåka stenger alt.

Monjolinho og tapet av den Atlantiske Regnskogen

UHE Monjolinho ligg i elva Passo Fundo mellom Nonoai og Faxinalzinho i Rio Grande do Sul. Innsjøen som er skapt av demninga ramma rundt 217 familiar, i tillegg til territoriet til Kaingang- og Guarani-folket (Fatland, s. 24.)

Selskapet meinte i utgangspunktet at territoriet til Kaingang- og Guarani-folket ikkje ville bli ramma av demninga, og verken representantar frå Kaingang- eller Guarani-folket blei konsultert i denne prosessen, ifølgje leiaren for Kaingangsamfunnet Voutoro, Darci Borges. Idet demninga var under utbygging blei det derimot tydeleg at store delar av territoriet deira ville bli ramma, og at viktige delar av urskogen ville forsvinne.

Dette resulterte i at 600 personar frå urfolka samla seg på demninga i ein stor protest, 18. juni 2009. Militærpolitiet blei tilkalla, og det oppstod konfrontasjonar mellom politiet og urfolket. Politiet var væpna med skarpt, medan urfolket var væpna med steinar. Borges seier at politiet etterkvart skjønte at dei ikkje ville gi seg, og at det heile var i ferd med å bli blodig. Til slutt måtte Monel erkjenne at urfolksterritoriet blei lagt under vatn, som ein konsekvens av demninga. Dei sosiale konsekvensane, som ikkje direkte er knytt til naturødeleggingar av Monjolinho-prosjektet, kjem vi tilbake til.

I dag slit Votouro med skadene vasskrafta har påført territoriet deira. Monjolino-demninga som rammar samfunnet, er berre ei av fleire demningar. På territoriet deira er det bygt fire andre demningar, i tillegg til at ei ny demning er under utvikling. Samtidig er Eletrobras i gang med å bygge ut kraftleidningar på territoriet deira. Store delar av den dyrka marka på område er brukt til å dyrke genmodifiserte soja.

Under kolonitida blei den atlantiske regnskogen sør i Brasil kraftig avskoga. Delar av han fekk likevel leve vidare, spesielt i område med urfolk. I dag er det framleis slik at ur- og regnskog har fått overleve der det er og har vore urfolk. Urfolk har også ei viktig rolle i å skape skogen på nytt i område der han har blitt øydelagt. Dette heng saman med at kvardagen og kulturen til urfolket er knytt saman med skogen. Døyr urskogen døyr urfolk, og omvendt.





Leiaren av urfolksamfunnet Voutoro, Darci Borges. På låret illustrerer han korleis pengesummen samfunnet får frå Statkraft skaper splitting.



I ein mail til LAG skriv Statkraft dette om korleis Monjolinho-dammen påverkar urfolkssamfunnet:

«Monjolinho-demninga ligg meir enn 15 km frå samfunnet sine bustadområde, men med ein liten del av urfolkslandet påverka ved enden av reservoaret. Av denne grunn blir ein urfolksutviklingsplan (PBA) implementert, og denne er på linje med urfolksleiinga og det statlige organet, FUNAI. Det bør også bli notert at urbefolkninga sjølv har utvikla jordbruk i dette skogkledde området.»

Noeli de Oliveira, som er del av leiinga i samfunnet, seier at dei no er i ferd med å miste kulturen sin på grunn av øydelegginga frå Monjolinho og andre demningar på territoriet deira. Skogen og elva har vore svært viktig for Kaingang-folket. Spesielt området langs elva har vore svært fruktbart, med mange dyr og mykje frukt. Elvene har dei brukt til å fiske, medan dei har bygt husa sine frå tømmeret frå skogen. Det er frå skogen dei har hausta medisinplanter og urter, det er frå skogen dei har sankt materiale for å lage tradisjonell kunst og handtverk.

Avskoginga førte til at fleire av dyra rømte til bygdene, og folket såg mange skadde og døde dyr langs vegane og blant husa. Det er få elver att som dei kan fiske i, og det er ikkje nok tre til at dei kan hauste berekraftig til å lage tømmer til husa. Det betyr at dei har mista kulturen rundt fiske og måten dei har bygt husa sine på. I tillegg har det blitt mykje vanskelegare å sanke frukt og å jakte enn tidlegare.

Dette har fått konsekvensar for korleis dei får overført kulturen til nyare generasjonar. Mange unge reiser til byen på grunn av den store mangelen på ressursar i lokalsamfunnet. Oliveira seier at det er vanskeleg å lære barn og unge om korleis å sanke og preservere naturmedisin og urter når dei ikkje finst i skogen lenger. Det blir ikkje det same om du kjøper det på butikken, eller plantar det i hagen. Korleis kan du lære vidare om handtverk når materialet til å lage det ikkje finst lenger?

Oliveira fortell at mange har utvikla helseplagar etter at demninga kom, på grunn av klimaendringane demninga har ført med seg. Tidlegare var klimaet i området verken tørt eller fuktig. Men no er vinteren blitt kjempetørr, medan det om sommarane er svært høg luftfuktigheit. Dette har ført til at mange barn og gamle er plaga med forkjøling og influensa. Oliveira seier at sjølv om ein ikkje skulle tru at dette var ei stor greie, påverkar det kvardagslivet i stor grad:

«Vi er små bokstavar for selskapa. Stemma vår er skriva i små bokstavar. Urfolket er ikkje angripne fysisk. Men dei har tatt frå oss alle rettar til å leve eit sunt liv. I dag jobbar dei unge på andre måtar enn tidlegare. Dei lever eit liv vi ikkje hadde. Maten vår var frå skogen, medisinen var frå skogen. Ungane våre jobbar i dag på kjølelagera i byen. Dei er sultne fordi dei ikkje har tilgang til naturen. Naturen gav oss mykje, men ungene våre har mista dette. Vi er urfolk, men vi lever ikkje som urfolk. *I dag er vi tvunga til å leve i ei verd som ikkje er vår.*»

Sosial utvikling

Då selskapa kom for å få lokalbefolkninga med på prosjektet var det mange lovord om korleis dette ville kome lokalsamfunnet til gode: Arbeidsplassar, energi og betre økonomi. Dette er også noko Statkraft trekker fram som ein viktig del av sine prosjekt, lokalsamfunnet skal ha det betre enn før dei kom. Nokre vi snakkar med har fått ein fin eigedom, og føler at livet er betre enn før. Mange fortel derimot at det er dei som sit med skadane frå prosjektet, medan ressursane og profitten frå dei forsvinn ut av regionen. Dette gjeld ikkje berre Monjolinho-demninga. Det er denne historia vi får høyre stort sett kvar vi reiser.

I Voutoro fortell Borges om utfordringane dei har fått. Fordi dei er urfolk har dei fått spesiell oppfølging av selskapet i ettertid, men lovnadane har ikkje nådd fram. For å kompensere tapet av regnskogen planta selskapet eit nytt område med skog. Men ifølgje Borges er det ingen som har blitt sett inn for å ta seg av verneområdet. Det er ingen som ryddar i området, eller følgjer med om planter og tre greier seg. Dette har ført til at skogen i området ikkje har gitt frukt, og ikkje gir noko tilbake for den skogen som er tapt.

I dag hjelper Statkraft med årlege tilskot til jordbruk og vedlikehald av maskiner. Kvart år får dei ein sum på 120.000 reais. Summen strekker derimot ikkje til, noko som skaper splittingsar og konflikter i lokalsamfunnet, ifølgje Borges. Sjølv for å dekke straumrekninga strekker ikkje pengane til.

Ein del av avtalen mellom Statkraft og Voutoro er ein «sala de informação», med seks datamaskiner og internett, der det skulle vere opplæring for ungdommen. Under pandemien har det ikkje vore undervisning her. Oppløvinga frå samfunnet er at det er lite vilje frå Statkraft si side for å legge til rette for prosjektet, og at datamaskinene ofte ikkje fungerer, eller at internettet ikkje strekker til. No er bygda på leit etter støtte frå andre stader enn Statkraft for å realisere prosjektet.

Borges seier at demninga rammar større delar av territoriet til Guarani-folket i regionen. Men sidan det er snakk om færre familiar og at dei har ein nomadisk kultur, får dei berre 30.000 realer i året. Mange av familiarene som tidlegare har vore i området har ikkje kome tilbake. 30.000 realer i året har ikkje vore godt nok for tapet av det elvene og skogen gav dei. Ifølgje Borges er det ti familiar som held til der i dag.



Volmar Isaton ser ned på demninga Passos Maia.

Energi til kven?

«Det er eit paradoks. Lyset nede ved demninga er på dag og natt. Sjølv kan det gå tre-fire dagar utan at vi har straum. I nabobygda kan det gå ei veke utan at dei har straum.»

Sitatet er frå Volmar Isaton, ein av dei næraste naboane til Passos Maia, ein av demningane i Santa Catarina. Dette er ikkje den einaste deminga han har rundt seg. Likevel går ikkje noko av energien som blir produsert rundt han tilbake til folket, men blir selt til straumselskapet i delstaten, før folket må kjøpe han tilbake.

Straumen i Brasil er så dyr at mange ikkje har råda til å betale straumrekninga. I tillegg er mykje av nettet gammalt, og fungerer ikkje kvar dag. Dei vi har snakka med som får støtte av Statkraft for øydelagte områder eller leige for areal, seier at beløpet dei får ikkje er nok til å betale straumrekningane.

Mangel på informasjon i etableringsprosessen

Vasskraftverka Statkraft har i drift i Brasil i dag, har dei fått gjennom oppkjøp eller fusjon med andre selskap. Det vil seie at prosessen med å etablere eit prosjekt (tvangsflytting av folk, avskoging, kompensering o.l.), skjedde før Statkraft kom inn i bilete. Ved oppkjøpet av Desenvix fekk dei også eit planlagt vasskraftverk med på kjøpet. I elva Canoas i Curitibanos i Santa Catarina. Dette gir oss innblikk i korleis Statkraft behandlar lokalbefolkninga i etableringsprosessen av nye vasskraftprosjekt i utlandet. Det er 12 år sidan prosjektet blei sett i gang, og det har stått stille i påvente av miljølisens i fleire år.

Dei fleste som bur i området rundt den planlagte demninga seier at dei er positive til prosjektet. På eine sida av elva har dei fleste allereie selt jorda si, medan dei på den andre sida stort sett har venta med å selje jorda si til selskapet. Årsaka til at mange har venta med å selje jorda si er at dei føler dei ikkje har fått nok informasjon om prosjektet frå selskapet. Dei siste åra har det vore heilt stille frå Statkraft si side, og lokalbefolkninga veit ingenting om korleis prosjektet står, eller om det blir noko av i det heile tatt.

Alle i lokalsamfunnet LAG snakkar med, seier det er fleire år sidan dei sist høyrde frå selskapet. Ein mann seier det er to år sidan han sist snakka med selskapet, medan to andre seier det er seks år sidan sist. Alle har aktivt prøvd å kome i kontakt med Statkraft dei siste åra, både over telefon og ved å møte opp på kontoren i Florianópolis. Ingen har lukkast med å kome i kontakt med selskapet. Folket etterspør at Statkraft arrangerer folkemøter for heile bygda, og ikkje berre dei som blir direkte ramma. Til no har ikkje selskapet haldt møter for dei heller, men hatt sporadisk kontakt med dei som har selt land, eller dei selskapet vil kjøpet land frå.

Dette har skapt stor utryggleik og uro i lokalbefolkninga. Dei seier at dei har fleire spørsmål til selskapet dei treng svar på for å føle seg trygg på prosjektet. Dei veit framleis ikkje kvar i elva demninga vil vere eller kor stor ho blir. Det vil seie at dei ikkje veit om eigedommen deira blir demt ned, eller kor stor del av elva dei mistar.

Ein vi snakkar med arbeider med å føre ferga over elva. Mannen eig verken ferga, jorda han bur på eller huset han bur i. Derfor har han ingen rettar. Han seier han i fleire år ikkje har fått svar på om demninga vil ta frå han arbeidet og huset han bur i. For rundt ti år sidan hadde han ein plan om å bygge ut huset sitt. Då fekk han beskjed frå det dåverande selskapet om å vente, sidan huset kom til å stå under vatn. No har han venta i over ti år på å utbetre noko. Samtidig har han ikkje sett eller høyrte noko teikn frå selskap eller vasskraftverket.



Fergeføraren, som ikkje vil ha namnet sitt i rapporten, i ferd med å føre ein bil og ein traktor over elva.

Ein annan vi snakkar med har sagt at han har venta med å betre jordet sitt der han dyrkar bønner og mais, fordi han framleis ikkje veit om området vil bli ståande under vatn, eller når det blir demt ned. Når LAG tar kontakt med Statkraft seier dei at dei er usikre på om dei vil fullføre prosjektet eller ikkje. Dette hadde dei derimot gløymt å opplyse lokalbefolkninga om. Etter at LAG opplyste selskapet om at lokalbefolkninga ikkje har greidd å kome i kontakt med dei, har dei sagt at dei vil rydde opp i dette.

Dei vi snakkar med som er ramma av vasskraftverka som allereie er i drift, fortell mykje av det same. Mange fortel om mangel på informasjon eller misinformasjon. Sjølv om Statkraft tok over etter dette, er dei framleis ansvarlege for korleis prosjektet dei i dag tener pengar på, kom i drift.


Ved vasskraftverket Santa Laura i Santa Catarina vart 20 familiar flytta frå elvebreidda. Ein av naboane i samfunnet byrja plutselig ein dag å gå frå hus til hus for å kjøpe opp jorda deira, mot at dei fekk leiligheter i byane. På denne tida var livet i byen ettertrakta, og eit teikn på å vere vellukka og rik, blant anna fordi der var mange jobbmoglegheiter der. Like etter at all jorda var selt kom selskapet Desenvix inn og etablerte vasskraftverket Santa Laura. Fleire av familiane har i ettertid sagt at dersom dei visste kva jorda skulle bli brukt til, ville dei aldri selt ho frå seg. Området som tidlegare var heimen deira var plutselig øydelagt. I tillegg førte det til at Desenvix ikkje var ansvarlege for alle familiane som måtte flytte frå området, medan den eine naboen som tok seg av å kjøpe opp all jorda fekk ein personleg lukrativ avtale.



Det sosiale livet rundt elva

Elva har blitt flittig brukt som ein sosial møtestad mange stader. Folk har brukt ho for å bade, fiske og til å grille, spesielt i helgene. Vasskrafta endrar på tilgangen som lokalbefolkninga tidlegare har hatt til elvene. Årsaka er at det ofte blir konstruert eit Area Preservacion Perminente som er stengt for adgang. Området varierer i storleik, men er ofte omfatta av både demninga og området til sjølve kraftverket. Det er derfor ofte snakk om store område. Dette har ført til at den sosiale bruken av elva har blitt fullstendig endra.

Elva som var offentleg, som var til kollektiv bruk for lokalbefolkninga, har blitt privatisert. Ikkje berre vatnet, men også området rundt. Vatnet skaper rikdom, og gir avkastning til dei som eig demninga, medan lokalbefolkninga mistar tilgangen til viktige sosiale område langs elva, utan at dei har fått fordelar av denne rikdommen tilbake.



Eit gitter vernar om innsjøen skapt
av demninga Monjolinho.

Flaumen i Rio Doce

På skilt langs vegen til dei ulike vasskraftverka står det rømningsruter og møteplassar i tilfelle demninga skal breste. I enkelte samfunn har Statkraft arrangert evakueringsøvingar dersom demninga skal sprekke. Folk vi snakkar med seier at dei fleste som bur på nedsida av ei demning er redde. Dei føler at Statkraft gjer for lite vedlikehald på demningane, og for lite for å avklare for folket som bur i nærleiken, om demninga er trygg.

Eit eksempel på dette er januarflaumen i Pacotuba-distriktet, i Cachoeiro de Itapemirim, i 2020. Flaumen ramma meir enn 4000 personar som bur i området, og fleire meinte at årsaka til flaumen var PCH Francisco Gros, eigd av Statkraft.

Ifølgje representantar LAG har snakka med ville ikkje Statkraft ta på seg ansvaret for flaumen. Dei meinte at miljøendringar var årsaka til flaumen, og ikkje korleis demninga var konstruert. Dei sette derfor ikkje inn tiltak for å minske skadene av flaumen, og dei som vart ramma fekk heller ikkje erstatning frå selskapet for dei skadene det førte til på eigedom og helse.

Både under flaumen og i ettertid har fleire av dei som bur nedanfor demninga uttrykt bekymring om tilstanden til demninga. Dei seier at Statkraft gav tilbakemelding om at ho var god nok, og ikkje gjorde noko for å sikre at ho haldt under flaumen. Fleire seier at dei har mista tilliten til selskapet etter flaumen, og fryktar at demninga ikkje er god nok til å halde under nye flaumar. Dei fryktar det er fare for at ho vil breste neste gong det blir flaum.

Espirito Santo har tidlegare opplevd to enorme demningsbrestar, som har skapt store traumer for folk i området (Begge demningane som brast låg i Minas Gerais, som er nabolandstat med Espirito Santo. Ulykkene fekk store konsekvensar også for Espirito Santo). I Rio Doce i 2015, og i Brumadinho i 2019, brast to demningar med gruveslam som tok livet av 19 og 270 menneske, og øydela kilometervis med elvedrag, skog, bygningar og jorder. Dette er ei problemstilling som er tett på lokalbefolkninga, som veit kva konsekvensar bresta demningar får for miljøet, økonomien og helsa. Representantar vi snakkar med seier at det ikkje er snakk om viss, men om når neste flaum kjem.



Bileta viser omfanget av januarflaumen i Rio Doce. Foto: MAB

Ifølgje MAB som bistod samfunna under flaumen, har Statkraft ikkje gjort forbetringane på demninga som lokalbefolkninga har bedt om. Fleire har også i ettertid bedt om større openheit rundt korleis vassmassene blir styrt av demninga, og private interesser.

Statkraft skriv i ein epost til LAG at:

«Reservoaret ikkje har nokon betydeleg kapasitet til å regulere den naturlege flaumen i Itapemirim-elvebassenget, fordi demninga opererer på elveløpsbasis, noko som betyr at heile vassvolumet som blir brukt av prosjektet umiddelbart blir returnert til elva gjennom overløp og generatorar. Umiddelbart etter ekstremflaumhendinga i 2020 utførte Statkraft arbeid for å reparere dei sivile strukturane som var skada. Den noverende statusen for drifta til dammen og vedlikehaldsnivået blir sett på som «trygt», og dette er stadfesta av tredjepartar. Eit høyrbart varslingsystem som bruker sirener er installert i regionen, med sikte på å varsle befolkninga i innflytelsessonen i tilfelle ein naudsituasjon, enten naturleg eller strukturell. Mobilappen og skilt som indikerer trygge samlingsområder er også etablert. Arbeidsplanar blir implementert av Statkraft med det kommunale, regionale og statlege sivilforsvaret i samsvar med Francisco Gros SHPs naudhandlingsplan.»

Vindkraft i Brasil

«Vi veit at når utvikling kjem til samfunna, kjem også problema.»

- Ramma av Brotas de Macaúbas.

Vasskraft er den viktigaste kjelda til energi i Brasil, men det blir sett på som usikkert å ikkje ha fleire energikjelder å stå på. Utbygging av vindkraft er ein del av strategien for å gi landet ein meir variert energiproduksjon. Vindkraft er no den nest største energikjelda i landet, og Brasil er i dag den 6. største vindprodusenten i verda. Ifølgje data frå gruve- og energidepartementet sette Brasil rekord i 2021 i auke av installert kapasitet for vindkraftproduksjon (UNIP). Ifølgje Abeeolica, den brasilianske vindenergiforeininga, har Brasil ein installert kapasitet på 21,5 GW, fordelt på 795 vindparker, meir enn 9000 vindturbinar, over 12 delstatar.¹⁷

Majoriteten av vindkraftproduksjonen skjer i nordaust. Staten som produserer mest er Rio Grande do Norte, etterfulgt av Bahia. Mange delstatar har endra lover for å gjere vindkraftutbygging meir attraktivt for utanlandske investorar. Blant anna har kontraktene for kjøp av rettar blitt forlenga, det har blitt billigare å etablerere seg og lettare å få miljølisens. Spesielt i dei nordaustlege statane har det blitt stadfesta eit enormt potensiale for å bygge ut vindkraft, og i desse statane har det blitt vedtatt fleire lover som gjer det enklare å etablerere vindkraftverk (Fabiano Staut, s. 17).¹⁸ Dette har blitt drive fram av ein vindkraftlobby i vekst, med Abeeolica i spissen.


Vindkraft har blitt sett på som ein av dei mest levedyktige alternative energikjeldene, spesielt i nord. Ifølgje Heitor de Costa har merkelappen vindkraft har som rein energi fritatt selskapa frå å greie ut miljøkonsekvensar og andre konsekvensrapportar. Dette fører også til at det sjeldan blir sett ei grense for kvar selskapa kan okkupere land, som har endt med avskoging, spesielt av Caatingaen, nordaust i Brasil. Allereie er 50 prosent av Caatingaen fjerna, eit av dei største bioma i Brasil. Fleire studiar har vist at vindkraftselskapa som etablerer seg nordaust i Brasil viser lite respekt for natur og menneske, og det er ofte klager frå urfolk, småbønder og fiskarar.¹⁹

Vindkraft krev store areal, og avskoging og utbygging av vegar til anlegga er ei stor påkjenning for folk, dyr og natur. I tillegg er det mange som blir plaga av støyen frå vindturbinane. Vindkraft er også svært vasskrevande, spesielt i utbyggingsprosessen. Dette er viktig å notere seg med tanke på at nordaust-regionen i Brasil er blant dei tørraste.

¹⁷ <https://abeeolica.org.br/>

¹⁸ https://repositorio.ufba.br/bitstream/ri/18675/1/DISSERTACAO_FABIANO_STAUT_FINAL.pdf

¹⁹ <https://portal.unicap.br/-/por-que-nao-discutir-os-impactos-socioambientais-dos-negocios-do-vento?fbclid=IwAR3PMkEV7Ei8se89rYfhUTgem-SAK2MghGVO49RzK6Yxllp2R65KMQVvGk>





Vindturbinar i Brotas de Macaubas. Foto: Bebuar i eit av samfunna.

Statkraft i vindkraft i Brasil

Etter at Statkraft i 2019 blei dømt for å ha brutt menneskerettane i Fosen-saka, har dei uttalt at dei ønsker å fokusere på å bygge ut vindkraft i lågkonfliktsoner i utlandet.²⁰ Brasil er ein svært god kandidat for dette, sidan regelverket rundt vindkraft er mangelfullt. I tillegg er vindkraft nytt i Brasil, noko som gjer at organiseringa av samfunn som er påverka av vindkraft framleis er låg.

Statkraft har to vindkraftanlegg i drift i dag, Brotas de Macaubas i Bahia, og Barra dos Coqueiros i Sergipe. Begge vindkraftanlegga har dei fått via oppkjøpet av Desenvix. I tillegg til desse er dei i ferd med å bygge ut ein ny vindpark i Brotas de Macaubas-komplekset, Morro do Cruzeiro. Statkraft er også i ferd med å bygge ut sitt største kraftverk i Latin-Amerika til no, Ventos de Santa Eugenia, i Uibaí i Bahia.

Installasjonen av vindturbinane krev vegar, vatn, avskoging, utbygging av kabelnett osv. Dei legg beslag på store områder og skaper store øydeleggingar i naturen. Mange av desse øydeleggingane er irreversible. Dette påverkar både natur og dyreliv, men også helsa til dei som bur i området.

²⁰ <https://www.tu.no/artikler/statkraft-med-storsatsing-pa-vind-i-brasil/477121>

Ventos de Santa Eugenia – Den største vindparken i Latin-Amerika

Statkraft er no i gang med å bygge vindkraftkomplekset Ventos de Santa Eugenia i kommunane Ibipeba og Uibaí, i Bahia. Komplekset vil dekke eit totalt område på 489,18 hektar, og vil ifølgje Statkraft bli det største kraftverket dei har i Latin-Amerika til no. Komplekset vil bestå av 91 vindturbinar, fordelt over 14 vindparker.²¹ Planen er at prosjektet skal vere ferdig i 2023. Til samanlikning har vindkomplekset på Fosen (fastlandseuropa sin største vindpark) 206 vindturbinar fordelt på seks vindparker.²²

Ifølgje Statkraft vil to quilombolas bli påverka av prosjektet. I årsrapporten for 2021 (s. 38) skriv dei dette:²³

«Blant flere prosesser som er utviklet for å identifisere og redusere eventuelle konsekvensar på lokalsamfunnene, er det utført en studie for kartlegging av sosiale, historiske og produktive aspekter ved to lokalsamfunn bestående av etterkommere av tidligere slaver (Quilombola), som bor i det området som påvirkes av virksomheten på anlegget. I samsvar med ILO-konvensjonen om urfolks rettigheter (konvensjon nr. 169), har denne studien også identifisert mulige konsekvensar av utbyggingen, og pekt på behov for risikoreduserende tiltak, som selskapet nå jobber med. Videre arbeider Statkraft også med fire sosiale programmer i de to lokalsamfunnene, med mål om å bidra til dialog og interaksjon med Quilombola-folket, et program for forebygging av covid-19 pandemien, bærekraftig miljø og inntektsskapende arbeid samt styrking av Quilombola-befolkningens identitet.»


Brotas de Macaubas

Vindkraftanlegget Brotas de Macaúbas består av tre vindparker: Macaúbas (35,07 MW), Novo Horizonte (30,06 MW) og Seabra (30,06 MW), med til saman 57 vindturbinar. Prosjektet blei sett i gang av det brasilianske selskapet Desenvix og det franske selskapet Alstrom. Det kom i drift i 2012. Morro do Cruzeiro er ei utviding av vindkraftkomplekset. Det betyr at fleire samfunn, også i nabokommunen Oliveira dos Brujeiros, vil bli ramma av prosjektet. Statkraft planlegg også ein solpark i samfunnet Sumidoro. I dag er samfunna Boa Vista, Sumidoro, Malhada, Papagayo, Várzea Grande, Mata og Mangabeira ramma av vindparkane.

²¹ <https://ventosdesantaeugenia.com.br/#section-17-9>

²² <https://www.fosenvind.no/vindparkene/>

²³ <https://www.statkraft.no/globalassets/1-statkraft-public/05-investor-relations/4-reports-and-presentations/other-group-reports/statkraft-sf/2021-arsrapport---statkraft-sf.pdf>



Kartet viser vindkraftkomplekset Brotas de Macaúbas. Kjelde: Statkraft.

Statkraft har opplyst i ein mail til Latin-Amerikagruppene at utvidinga av Morro do Cruzeiro også vil ramme eit urfolkssamfunn, men at desse bur lenger enn 25 km frå anlegga. Dei vil likevel betale erstatning til samfunnet.

Kartet ovanfor viser kor dei etablerte vindparkane ligg, og kor den planlagte utvidinga vil ligge. Det finst ingen kart som viser korleis samfunna ligg i forhold til vindparkane.

Til denne rapporten har vi snakka med fleire av samfunna som er ramma av vindkraftkomplekset i Brotas de Macaúbas, i tillegg til dei som bli ramma av det nye, Morro do Cruzeiro. Vi har ikkje fått kontakt med nokon i Barra dos Coqueiros i Sergipe, eller dei som bli ramma av den nye parken Ventos de Santa Eugenia. Alle intervju er gjort over WhatsApp.

Regionen

Brotas de Macaubas og Oliveira dos Brujeiros, men også Uibiai (Ventos de Santa Eugenia) ligg i dei indre regionane i Bahia. Dette er eit område som er kaldt og tørt, med mykje vind og fjell, noko som gjer det ideelt for vindkraft og solkraft.

Denne delen av Brasil er dekt av Caatingaen, som er eit av dei største bioma i landet. Caatinga betyr kvit skog, som kjenneteiknar utsjånaden. Han er full av tre og buskar, og er kjenneteikna ved undervegetasjon og underskog. Det er fleire tusen endemiske artar som er spesifikke for denne regionen. Det er også ein region med lite vatn, som er tørr frå mai til november.

Fjella er hellig for samfunna. Både i eit åndeleg perspektiv, men først og fremst på grunn av kva dei betyr for dyra i området. «Det er fjella som er sjølvve sertão». Dette er områder som ein ikkje rører. Samfunna blir verna av fjella, og vernar fjella tilbake. Samfunna vernar livet i fjella, slik at fjella kan beskytte deira sine liv nede på caatingaen. Det er nettopp på fjella vindturbinane blir plasserte, fordi det er her det er mest vind.

Tradisjonelt Samfunn

Fundos e fechos de pasto er tradisjonelle samfunn, som bur på Caatingaen i Bahia. Her har dei vore i meir enn 300 år, og har ei sterk kollektiv kjensle rundt kulturen og tradisjonane sine. Samfunna driv med beitedyr på kollektivt land. Dette er ein måte å bruka jorda på som vi kjenner til i Noreg. Dei har kvar sine individuelle jordområder, medan beitemarkene er kollektive. Dette kollektive området bruker dei også til å sanke ved og frukt. Dei som sankar frukt blir kalla mangabeiras, fordi dei sankar mangaba frå mangabeira-treet.

Medan jordbruk og kvegdrift er ein av hovudfaktoren til at caatingaen har forsvunne dei siste hundre åra, er fundo e fechos-samfunna opptatt av å ta vare på vegetasjonen i sine kollektive område. Det er mellom anna ikkje lov å rydde skog i dei kollektive områda, og talet på dyr er tilpassa ressursgrunnlaget. Alle uttak frå dei kollektive områda skal tene samfunnet.

Fleire av samfunna har etter ein årelang kamp fått sertifisert samfunna sine. Dette har gitt dei fleire rettar til territorium og skikkar dei har knytt til territoriet. Mange samfunn ventar framleis på å bli sertifiserte. Samfunna er ikkje del av grunnlova, slik som urfolk og quilombolas, men del av delstatslova i Bahia. I enkelte av samfunna er det staten som eig dei kollektive områda. Desse er spesielt sårbare for aktivitet frå utanlandske selskap, fordi staten kan gi selskap løyve til å drive med vindkraft eller gruvedrift på område deira, utan at samfunnet har rettar på kompensasjon eller dialog.

Statkraft tar plass

Første gong det kom vindkraftselskap for å undersøke potensialet for vindenergi i Brotas de Macaubas var i 2008/2009. På denne tida var det ingen i samfunna som hadde høyrte om vind- eller solkraft. Selskapa snakka om utvikling, arbeidsplassar og at samfunna ville tene mykje pengar. Dei negative konsekvensane var det ingen som snakka om, og det blei sagt at vindparkane verken kom til å påverke skikkane i samfunnet, eller beitemarkene. Same diskursen kom også Desenvix med, som seinare ville etablere vindkraftkomplekset.

Selskapa blei møtt av eit delt folk. Det var dei som vart lokka av lovnadar om eit betre liv, og dei som var skeptiske, fordi det var nytt og ukjent. Mange ville ha vindparkane fordi dei ville ha arbeidsplassar og inntekt til samfunna. I retrospekt har ikkje det kome særleg nye arbeidsplassar til samfunna. Arbeidet med vindparkane krev særskilte kunnskar, som folket der ikkje har.

Ifølgje Statkraft (2019, s. 6) støttar og erkjenner dei retten til kollektive forhandlingar.²⁴ Folka som bur i samfunna som er og blir ramma av vindkraftkomplekset Brotas de Macaubas seier derimot at dei opplever at selskapet ikkje møter dei i kollektive forhandlingar.

Ifølgje Statkraft står folket i Brasil med opne armar, og dei blir ikkje møtt med konflikt når dei går inn for å etablere vindkraft²⁵. Leiarane i samfunna som er ramma av Brotas de Macaubas og Morro do Cruzeiro seier derimot at dei står med armene lukka. Sertifiseringa av samfunna har gjort dei sterkare i kampen mot kraftselskapa. Då Statkraft prøvde å etablere solkraft i samfunnet Boa Vista, fekk dei hjelp av Comissão Pastoral da Terra, og advokatar i AATR, for å hindre at det kunne skje. Ifølgje leiinga i Boa Vista var ikkje Statkraft opne for å prate til å byrje med.

LAG har snakka med prestidenten i Várzea Grande, som vil bli ramma av den nye utbygginga, som ikkje vil ha namnet sitt i rapporten. Ho har ein fordel, som samfunna i Brotas de Macaubas ikkje hadde. Presidenten kjenner godt til konsekvensane av vindkrafta, og har brukt mykje tid på å kjempe mot det nye vindkraftanlegget. Arbeidet med det nye anlegget har vore i gong sidan sommaren 2022, og er per oktober ikkje ferdig. Presidenten seier blant anna at selskapa berre har oppsøkt leiinga i samfunnet tre gongar. Det er ikkje sett i gang dialog med samfunnet, men Statkraft har tatt kontakt med enkeltpersonar dei ønsker å få land frå. Presidenten seier at ho har bedt om eit felles møte med selskapet fleire gongar. Den einaste informasjonen ho har fått til no er det same kartet dokker såg på forrige side.

²⁴ <https://www.statkraft.no/globalassets/0/.no/om-statkraft/verdier-og-prinsipper/statkrafts-leveregler-2019.pdf>

²⁵ <https://www.dn.no/energi/statkraft/jurgen-tzschoppe/vindkraft-statkraft-satser-stort-i-brasil/2-1-890610>



Bilete frå utbygginga av vindparken Morro do Cruzeiro.
Foto: Bebuar i eit av samfunna.

Leiingane i samfunna som blir ramma av den nye parken veit framleis lite om omfanget av den nye vindparken. Dei veit ingenting om kor stor den blir, kor mange vindturbinar det blir, når han kjem, og kva det vil bety for deira samfunn og levemåte. Dei har fleire gongar prøvd å fått kontakt når representantar frå selskapa er i område for å gjere undersøkingar, men får ingen svar. Dei har også bedt om at det blir gjort ein studie, som viser korleis vindkrafta vil påverke naturen og folka. Dette gjer at samfunna ikkje får utøvd sine tradisjonelle prosessar, for å behandle slike saker.

Samfunnet Malhada har derimot fått til kollektive prosessar og samtaler med Statkraft. Dette gjeld både for å finne ut meir om konsekvensane av prosjektet, men også for å forhandle. Som ein konsekvens av at dei fekk forhandle i fellesskap greidde dei å auke den årlege leigesummen på deira kollektive område frå 6000 realer til 16000 realer.

Tap av kultur og beitedyr

Fundo e fechos-samfunna har lært seg å leve med dei intense tørkeperiodane. Vindparkar og gruvedrift snur derimot om på heile biomet, og der blir vanskelegare og vanskelegare å drive.

Lokalbefolkninga har fleire viktige vasskjelder som dei balanserer gjennom dei lange tørkeperiodane. «Vi vil ikkje greie å få slutt på tørken, men vi lever med han» sa Jânio til LAG, ein av leiarane i Boa Vista. Det går store mengder vatn under utbygginga av vindparkane. Dette har skapt store problemer for lokalbefolkninga.

Vindkraftverka har påverka beitene i stor grad. Mange har opplevd at dyra har byrja å kome ned frå fjella, til dei flate områda av beita. Dette gjeld ikkje berre beitedyra, men også ville dyr, som for eksempel jaguaren. Dette har ført til ei auke i angrep på kyr og hestar. Mange dyr har forsvunne eller kome tilbake med skader frå jaguar. Bøndene ser at dei ville dyra har blitt meir stressa fordi habitatet deira er endra.


Talet samfunna har på dyr er sterkt forankra i ressursgrunnlaget. Det vil seie at vindparkane har ført til at dei har måtte redusert det totale talet på dyr på det kollektive området. Dette har igjen gjort det vanskelegare for fleire av samfunna å leve som fundo e fecho de pasto. Dei vi snakkar med seier at samfunna ikkje får nokon kompensasjon for dette tapet, berre for årsleiga av land. Det varierer kor mykje av det kollektive territoriet som er eigd av staten, kommunen eller samfunna sjølve. Det vil seie at det også varierer kor mykje dei får kompensert for tap av beite.

Mange fundo e fecho de pasto driv ikkje primært med beitedyr, men med å sanke frukt, som er ein viktig del av kulturen. Dette har også blitt påverka av vindparkane. Avskoging for å bygge vegar og anleggsområde har gjort at det er færre tre å plukke frå, samtidig som støy og støv frå vindturbinane gjer dagane på jobb tyngre.

Statkraft seier på si side at leigebetalinga lokalsamfunna får for bruken av jorda er på mykje meir enn det jorda har produsert tidlegare, fordi det er låg fruktbarheit i jorda. I tillegg til dette utfører dei også samfunnsutviklingsprosjekt i området. Dei seier at foreiningane til lokalsamfunna har deltatt i forhandlingane som representantar for sine lokalsamfunn.

Bidrag til samfunnet

I løpet av sommaren 2022 har Statkraft jobba med å bygge den nye vindparken Morro do Cruzeiro. Under arbeidet har lokalbefolkninga klaga over mangel til bidrag til samfunnet. Trass i at det er fleire restaurantar og mattilbod i dei næraste samfunna, er det ingen av arbeidarane som kjøper mat i samfunnet. I staden tar dei med seg mat utanfrå. Lokalbefolkninga seier at arbeidarane som jobbar med å konstruere Statkraft sine vindturbinar, heller ikkje bruker nokon av dei andre tilboda i lokalsamfunna. Dei opplever dette som at Statkraft ikkje tar omsyn til samfunnet, og ikkje er opptatt av å skape ringverknader i området.



Vegstøy


Enkelte av samfunna ligg tett på dei nye vegane som har blitt laga, og blir laga i sam-band med vindparkane. Desse er plaga med mykje støy og støv frå vegane. Aller mest støy og støv har det vore for Sumidoro som ligg nærast dei tre vindparkane.

Vegstøvet påverkar helsa til folk og helsa til dyra. Spesielt dei som bur nære vegen, og inngangen til parkområdet har opplevd å få verre helse etter at vindkrafta kom. Fleire seier dei er meir plaga med symptom på forkjøling enn tidlegare på grunn av vegstøvet. Støvet spreier seg også til beita til dyra, noko som øydelegg kvaliteten på beita.

Ute av syne

Samfunn som før var rolege, er ikkje det lenger. Dei er no plaga av støy frå bilar som køyrer forbi, og støy frå vindkraftanlegga. Samtidig er det mange av konsekvensane dei ikkje kjenner til. Det er gjort få studiar i for- og etterkant, og dei studiene som har blitt gjort er ikkje delt med samfunna. Men, fleire har måtte redusere talet på dyr som eit resultat av mista beiteareal, i tillegg til at det har påverka dei som plukkar mangaba. Ein av dei viktigaste verdiane som ligg til grunn for desse samfunna, det å leve i harmoni med Caatingaen, blir også forstyrra, fordi heile økosystemet blir skifta på.

Trass i at Statkraft flytta fokuset frå Noreg til Brasil på bakgrunn av vindkraftprotestar og Fosen-dommen, for å utvikle vindkraft i områder med lite konflikt, er det eit heilt anna inntrykk vi sit att med etter å ha prata med samfunna i Brasil. Det er ikkje mindre konflikt, og anlegga legg eit stort press på natur og kultur. Det er berre lettare å øydelegge natur og kultur i Brasil enn i Noreg.



Biletet er frå ein skjermdump av ein video sendt frå ein av bebuarane som bur ved vindkraftkomplekset Brotas de Macaubas. Bak vegstøvet kan du skimte vindturbinane.

Vi veit for lite

Det er framleis mykje vi ikkje veit om kva Statkraft gjer i Brasil, og generelt kva norsk næringsliv gjer i Latin-Amerika. Mange av dei, som Statkraft, er delvis eller heilegd av den norske stat, noko som gjer det ekstra viktig at folket her i Noreg kjenner til operasjonane deira i andre land. Dette er også årsaka til at vi ønskte å gjere dette arbeidet for å bli betre kjent konsekvensane av Statkraft sine kraftverk i Brasil.

Fleire sosiale rørsler og organisasjonar jobbar dagleg med dette. Utan samarbeid med og hjelp frå MAB, MST, Movimento de Afectados por Represas og Comissão Pastoral da Terra, hadde ikkje dette arbeidet vore mogleg. Vi ønsker også å takke folket som er ramma av Statkraft sine kraftanlegg i Brasil, som delte sine historier og erfaringar med oss.

Vi håper dette arbeidet kan vere grunnlaget til fleire undersøkingar om denne korleis norske verksemdar opererer i Latin-Amerika. LAG vil halde fram med dette arbeidet, i samarbeid med våre samarbeidspartnarar i Latin-Amerika. Vi håper du blir med i kampen.